

# Eyvind Fjeld Halvorsen †

4/5 1922–19/3 2013

Professor emeritus Eyvind Fjeld Halvorsen, medlem av redaksjonsrådet for *Arkiv för nordisk filologi* frå 1968, døde 19. mars, 2013, nær 91 år gammal.

Eyvind Fjeld Halvorsen vart fødd 4. mai, 1922, i Norderhov på Ringerike. Den start han fekk i livet, var ikkje slik at ein skulle tru vegen låg open for ein lysande akademisk karriere, for vesle Eyvind var fødd med grå stær, og før han vart operert i fire års alderen var mykje av synet gått tapt. Men med sterke briller, ein sterk vilje og gode evner klarte han å kompensere for det vanskelege utgangspunktet. Han tok artium ved Ringerike høgere skole i 1940, så vidt fylt 18 år. Ryktet vil ha det til at han alt før han tok artium, hadde lese alle binda som til då hadde kome ut av *Arkiv för nordisk filologi*, og interessa som staka ut vegen vidare var dermed vekt. I 1947 avla han språkleg-historisk embetseksamen ved Universitetet i Oslo med norsk som hovudfag og engelsk og historie som bifag. Frå Oslo gjekk vegen vidare til studieopphald i Paris i 1948–49. I 1949 fekk han stilling som lektor i norsk ved Universitetet i Glasgow, og han var i denne stillinga til han i 1954 kom tilbake til sitt gamle universitet i Oslo som dosent i norrøn filologi. I 1962 vart han professor i norrøn filologi same stad, og han sat i denne stillinga til han gjekk av for aldersgrensa i 1992.

Eyvind Fjeld Halvorsen tok doktorgraden i 1959 på ei avhandling om den norrøne omsetjinga av *Chanson de Roland*. Denne avhandlinga var eit viktig og grundig arbeid som enno ofte vert sitert. Halvorsen viste korleis omsetjaren arbeidde, og hevda at han ofte gjorde endringar mot originalen med fullt overlegg for å tilpasse den franske teksten eit nordisk miljø. Med denne avhandlinga lukkast han også å vekke ei større interesse for den norrøne omsetjingslitteraturen som hadde stått i skuggen av den originale norrøne sagalitteraturen. Omsetjingslitteraturen frå fransk var eit hovudtema i forskinga til Halvorsen som han seinare vende tilbake til i fleire artiklar. Halvorsen leverte også tankevekkjande artiklar med originale synspunkt om norrønt språk. I ein artikkel frå 1984 (Festskrift til Einar Lundeby) drøfter han uttalen av *á* i gammalnorsk, og argumenterer for at dette var ein urunda vokal så seint som på 1200-talet. I ein

artikkel frå 1989 (Festskrift til Finn Hødnebø) drøfter han endingsvokalane i eit handskrift av Eidsivatings kristenrett og kjem opp med den teorien at handskriftet viser eit forstadium til vokalbalanse. I 1973 kom Halvorsens gjennomgripande revisjon av Ragnvald Iversens *Norrøn Grammatikk*. Bibliografien over arbeida til Eyvind Fjeld Halvorsen i festskriftet til han, *Eyvindarbók* (1992), viser at han har skrive bokmeldingar om dei fleste emne innanfor den norrøne filologien, og han var ein av dei forfattarane som leverte flest artiklar til *Kulturbhistorisk leksikon for nordisk middelalder*. Dei austnorske kristenrettane var også eit materiale Halvorsen arbeidde med gjennom det meste av si tid som forskar. Arbeidet resulterte i ei utgåve med omsetjing, *De eldste østnorske kristenrettene*, som han gav ut saman med Magnus Rindal i 2008. Namnegransking var endå eitt av Halvorsen sine forskingsfelt. Han har skrive fleire artiklar om personnamn både i mellomalderen og i tidleg nytid. Den første av desse artiklane, "Personnavnene på Ringerike fra mellomalderen til 1666" (1955), tek utgangspunkt i materiale frå heimetraktene, Ringerike, som han heile sitt liv kjende seg nær knytt til. I ymse lokalhistoriske skrifter på Ringerike skreiv Halvorsen om odelsbønder og leiglingingar, om dei første husmennene, om styre og stell i gamle dagar, om mellomalderdokument frå Ringerike, om ættegransking på Ringerike og endå fleire lokalhistoriske emne. Så seint som i 2009 står han som utgjevar, saman med Magnus Rindal, av *Middelalderbrev fra Ringerike, 1263–1570*.

Halvorsen var statens namnekonsulent for bokmål frå 1965 til han gjekk av for aldersgrensa i 1992, og han var med i det statlege utvalet som vart oppnemnt i 1979 for å skape klarare reglar for normering av stadnamn. Han representerte Universitetet i Oslo i Norsk språknemnd i perioden 1957–72, vekselvis som formann og varaformann. Frå 1972 sat han i Norsk språkråd, som avløyste Norsk språknemnd, heilt fram til 1988. Normeringsarbeidet av stadnamn så vel som av norsk språk var langt frå konfliktfrie fagområde. Men Halvorsen stod på det han meinte var rettast, og tok dei konflikhtar som måtte kome anten han var støtta av eit fleirtal eller eit mindretal.

Gjennom sine 38 år ved Universitetet i Oslo la Halvorsen ned eit betydeleg arbeid for universitetet sitt som administrator. Han var i fleire periodar medlem av fakultetsrådet, og han sat i mange og tunge utval på alle nivå. Han var seksjonsformann eller instituttstyrar frå 1957 til 1972, og han var dekanus frå 1964 til 1970. I dei stormfulle åra rundt studentopprøret var det Eyvind Fjeld Halvorsen som sat ved roret i fakultetet, og det vil vere ei overdriving å seie at han alltid bevarte roa i møtet med

dei mest rabiate studentane som ville ha “væpna revolusjon”. Men i ettertid kan vi sjå at få ville ha gjort jobben betre.

På det tidspunktet Eyvind Fjeld Halvorsen vart medlem av redaksjonsrådet for *Arkiv för nordisk filologi* sat han i leiinga for instituttet samstundes som han var dekanus, han var dessutan statens namnekon-sulent og medlem i norsk språknemnd. Ein skulle tru mannen hadde nok å gjere. Men vi som hadde han som lærar desse åra, kunne knapt merke at han hadde det travelt. Han var ein inspirerande og svært kunnskapsrik lærar som alltid hadde rikeleg tid for studentar som delte hans faglege interesser. Sjølv i kampens hete var han ein glad og munter mann med ein god replikk til det meste, og i dei mange lystige historiene som vert fortalde om han, er det som regel ein kjerne av sanning.

*Else Mundal*

